
Fra: Børve, Annlaug [mailto:Annlaug.Borve@fjell.kommune.no]

Sendt: 1. oktober 2014 23:12

Til: Postmottak KUD

Emne: Høyringsvar NOU 2014:2. Frå Fjell sokneråd

Høyringsvar NOU 2014:2 Lik og likskap

Fjell sokneråd er einig i dei seks prinsippa for gravferdsforvaltinga som vert lagt fram i NOU 2014:2, og i hovudsak også i utvalet sine forslag til regelendingar og tiltak som skal gje meir føreseielege løysingar for brukarane av gravferdstenestene.

Kistegravlegging og kremasjon vert likestilt økonomisk og juridisk som gravferdsform.

Fjell sokneråd er samd i ei slik likestilling, og at kremasjonsavgift som ei følgje av dette vert oppheva.

I utgreinga vert det vist til at kremasjonsavgifta i 2012 utgjorde kr 40. mill. Ein bør ta høgde for at bortfall av kremasjonsavgift vil kunne føre til ei auke i talet kremasjonar, og at gravferdsforvaltinga som ei følgje av dette vil få høgare utgifter enn det utvalet ser for seg skal overførast til kommunane som ein kompensasjon for dette.

Fjell sokneråd er ikkje samd i at ansvaret for båretransporten til krematoriet vert flytta frå NAV til gravferdsforvaltinga. Vi trur ikkje at eit lokalt ansvar vil skape eit insentiv til å ta ansvar for etablering og vedlikehald av ein effektiv krematoriestruktur. Bygging og drift av krematorier er kostbart. Sjølv om bygging av krematorie på lang sikt vil vere den økonomisk mest fordelaktige løysinga for gravpassforvaltningane, kan ei investering av ein slik storleik som bygging av krematorier krev, i praksis vere umogeleg å gjennomføre.

Utvalet har ikkje utgreidd om det kan vere eit alternativ at staten tek ansvaret for at det vert etablert ein krematoriestruktur som kan gje større samfunnsøkonomisk lønsemd. Fjell sokneråd meiner at dette er eit alternativ som bør greiast ut.

Utvalet sitt forslag vil slik Fjell sokneråd ser det kunne store konsekvensar for dei gravferdsforvaltningane som har lang avstand til krematorium. Fjell sokneråd meiner at ordninga framleis bør vere at NAV dekkjer transportkostanden til og frå krematorium etter same reglar som i dag.

Kommunane skal vere pliktige til å ta imot utanbygds gravlegging. Brukarbetaling for gravlegging i ein annan kommune enn avdøde sin bustadkommune vert oppheva.

Fjell sokneråd er einig i dette.

Fjell sokneråd meiner at utvalet sitt forslag om at kommunesektoren skal få ei auka overføringar med kr 12,1 millionar årleg, tilsvarande dei samla inntektene for utanbygds gravlegging i 2013 for å kompensere for tapet er for lågt. Nokre gravplassforvaltningar tek i dag ikkje betalt for utanbygds gravleggingar, og mange har satsar som ikkje dekkjer den reelle kostnaden ved gravlegginga. Sjølv om den enkelte kommune sparar utgifter på å sleppe å gravleggje sin eigen innbyggjar, vil den foreslåtte ordninga vil føre til at eit langt større beløp enn kr 12,1 mill skal setjast i omløp mellom

kommunane. Overføringa til kommunane bør ta høgde for dette.

Fjell sokneråd er einig i at oppgjeret mellom dei involverte kommunane bør skje gjennom ei fastsett oppgjersordning mellom gravplassforvaltingane, og meiner at formuleringa i gravferdsforskrifta § 40 om at satsane kan fråvikast ved avtale mellom gravferdsforvaltningane er uheldig. Utvalet foreslår at prisane i oppgjersordninga bør fastsetjast nasjonalt for å unngå usemje om prissetjinga. (s122) Ved å opne for at satsane skal kunne fråvikast ved avtale er situasjonen uavklart, og usemje vil likevel kunne oppstå. Dette vil særskilt gjelde der den eine avtaleparten er avhengig av den andre, som når ei gravferdsforvalting ikkje har krematorium sjølv, og må kjøpe denne tenesta hjå ei anna gravferdsforvalting. Skal satsane kunne fråvikast, bør det berre vere nedover.

Endring av avgifta for feste av grav slik at innbyggjarane behandlast likt.

Fjell sokneråd er einig i at alle gravleggingar skal utløyse 20 betalingsfrie år, uavhengig av kva type grav som vert valt.

Utvalet legg til grunn at det økonomiske tapet som følgje av bortfall av tilgangen til å krevje festeavgift frå dag ein vil utgjere kr 52,2 mill pr år. Utvalet har då lagt til grunn ei gjennomsnittleg gravleige for kistegrav på kr 177 pr år. For dei gravferdsforvaltningane som har høgare gravleige enn kr 177 pr år, vil inntektstapet ikkje verte dekt. For desse hjelper det lite at andre graverferdsforvaltingar vil få ei større inntekt enn det dei hadde frå før.

Ei betre løysing ville vere å ta utgangspunkt i dei høgaste festeavgiftene. På denne måten vil ingen av gravferdsforvaltingane oppleve ein reduksjon av inntekter dei er avhengige av, og gravferdssektoren som heile vil kunne få eit løft.

Utvalet drøftar på s 94 økonomiske og administrative konsekvensar ved regelendringa. Slik Fjell sokneråd forstå det, konkluderer utvalet med at regelendringa vert gjeve tilbakeverkande kraft, og at gravferdsforvaltingane må betale attende det dei har kravd for mykje før regelendringa. Kompensasjonen skal leggjast inn i rammetilskotet til kommunane, og vert fordelt etter objektive storleikar.

Fjell sokneråd meiner at det er svært uheldig at regelendringa vert gjeve tilbakeverkande kraft slik at gravferdsforvaltingane må betale tilbake festeavgift til festarar.

Når kompensasjonen ikkje svarar til det reelle tapet, men vert objektivt fordelt, vil nokre gravplassforvaltingar kunne verte svært hardt råka, medan andre får kompensasjon for eit tap dei ikkje har hatt.

Fjell sokneråd meiner at krav om tilbakebetaling som følgje av at lovendringa vert gjeven tilbakeverkande kraft bør dekkast direkte av staten.

Tiltak for å få betre statistikk og meir forskning på gravferdsområdet.

Fjell sokneråd er einig i at betre statistikk og meir forskning vil vere positiv for vidare utvikling og planlegging på gravferdsområdet. Fjell sokneråd vil samstundes peike på at også dette vil ha ei kostnadsside for gravplassforvaltingane som bør kompenseras.

Endringar i forvaltingsoppgåver.

Fjell sokneråd har ingen merknader til dette.

Økonomiske og administrative konsekvensar.

Fjell sokneråd meiner at regelendringane får økonomiske konsekvensar som ikkje vert dekt ved at staten kompenserer for det samla inntektsbortfallet for gravferdsforvaltinga. Ei fordeling etter den generelle kostnadsnøkkelen gjennom auka rammetilskot til kommunane vil slå heldig ut i nokre kommunar, uheldig i andre. For den siste gruppa vil endringane føre til ein lågare standard på gravplassane enn det innbyggjarane er vande med i dag.

Fjell sokneråd tilrår at staten ved berekninga av kostnader ved regelendringane tek utgangspunkt i dei gravferdsforvaltingane som ligg i det øvre sjiktet når det gjeld festeavgift og satsar for utanbygds gravlegging. På denne måten vil ein kunne oppleve eit standardheving innan gravferdsområdet som vil komme alle innbyggjarane i landet til gode.

Fjell sokneråd meiner det er føremålstenleg at dei økonomiske overføringane frå stat til kommune vert øyremerkte.

Forslag som utvalet vurderer å vere på sida av mandatet.

Fjell sokneråd har ingen merknader til desse forslaga.

For Fjell sokneråd,
Dag-Olav Bjørøy, leiar.